

Årsmelding 1 9 9 8



Innhold

1	Året som gjekk	2
2	SIM fram til i dag	3
3	Føremålet med selskapet	4
4	Organisering	4
4.1	Representantskap	4
4.2	Styre	5
4.3	Tilsette	5
5	Rekneskapen for 1998	6
5.1	Kor kjem inntektene frå?	6
5.2	Kva går kostnadene til?	6
5.3	Balanse	7
5.4	Resultatrekneskap	8
5.5	Kontantstraumoppstilling	9
5.6	Konsernbalanse	10
5.7	Konsernresultatrekneskap	11
5.8	Notar til rekneskapen 1998	12
5.9	Melding frå revisor	15
6	Avfallsmengder 1998	16
6.1	Samla avfallsmengder (tonn)	16
6.2	Hushaldsavfall i SIM	16
7	Attvinning 1998	17
7.1	Avfall til attvinning	17
7.2	Næringsavfall frå SIM	17
7.3	Meir sortering i ára framover	18
7.4	Mange vil heimekompostera	18
8	Avfallsgebyr	19
9	Miljøovervakning	20
10	SIM Næring AS	22
11	Oppgåver framover	22

Papiret i denne årsmeldinga er 120 gr 100 RC pigmentert, omslaget er Ocean 210 gr. Desse papirtypane er laga av papiravfall frå husstandar, og er såleis med på å løysa eit avfallsproblem. Det går óg mindre energi og kjemikaliar med til å resirkulera papir enn til å laga heilt nytt. Papiret er ikkje avsverta, difor gråfargen. Papiret er levert av Hippopotamus AS, Oslo.

Grafisk produksjon: Ibox AS, Stord.

Bileta i årsmeldinga viser amfibium: Dette er dyr som lever både på land og i vatn. Av dei seks norske artane finn me tre i Sunnhordland; stor salamander (sjå fram- og baksida), frosk og padde.

Amfibie har lenge vore i tilbakegang, og alle artane er freda, også egg og larvar. Foto: Jan Rabben.

Redaksjonen avslutta mars 1998.

1 Året som gjekk

SIM har lagt bak seg eit år prega av høg aktivitet og hovudsakleg gledelege resultat.

1998 var året då ordninga med tre dunkar for avfall blei innført i resten av kommunane. Tilbakemeldingar så langt tyder på at ordninga no er vel innarbeidd og at dei fleste barnesjukdommane er borte. Ei måling utført av Opinion i november 1998 viser at 80% føretrekker tredunksystemet.

Berre 18% kjenner seg plaga av uakseptabel lukt frå dunkane med bio-avfall. I underkant av halvparten av desse er villige til å betala 200 kroner i året for å få henta bioavfallet kvar veke i sommarhalvåret. Om lag like mange kan tenkja seg å kompostera sjølve dersom dette lønte seg meir, og dette er det no mogleg for abonnentane å gjera. Per dags dato er det 21% som heimekomposterer, og me vonar at denne delen vil auka i året som kjem. Oppløftande er det også å registrera at over 90% av abonnentane er nøgde med kommunen sine renovasjonstenester via SIM. Like mange ser seg godt nøgde med informasjonen frå selskapet, og 77% svarar at dei les SIM-nytt.

Erfaringane med kjeldesortering er udelt positive. Attvinningsprosenten for hushaldsavfall har auka frå drygt 11% til 50%. Av det vätorganiske avfallet (bio-dunkar + heimekompostering) blir 90% no attvunne. Dette er tal som både SIM og abonnentane kan vere svært nøgde med, og me håpar at den gledelege trenden held fram også i det året me er inne i.

Me registerer også ein stor auke i avfallsmengda frå miljøsentralane. Dette tyder på at innbyggjarane i stor grad brukar sentralane, men det fører også til meir avfall å handsama for SIM.

Denne auken i avfallsmengda frå hushaldningane gjev grunn for uro. Utfordringa blir å nå fram med bodskapen om mindre bruk av eingongsartiklar og unødig emballasje, samt at me alle må vera bevisst vårt eige, daglege forbruk.

I avfallsplanen for åra 1996-1999 sette kommunane seg høge mål. Det har kravd mykje av både SIM, innbyggjarane og kvar kommune å gjennomføra tiltaka for å nå

måla for både tekniske løysingar og informasjons- og opplæringsarbeid. Arbeidet med avfallsplanen for 2000-2003 blei sett i gang mot slutten av 1998. I denne planperioden vil me prioritera ein endå høgare standard på sjølve drifta, samstundes som det er trong for å stabilisera dagens avfallsordningar. SIM er takksam for alle innspel som har komme i samband med rulleringa av avfallsplanen og vil så langt det er mogleg, prøva å ta omsyn til desse. Planen vert send til handsaming i kvar kommune i løpet av våren 1999.

Store mengder avfall frå BiR i Bergen gjev stor aktivitet og stort overskot. Selskapet må ha overskot for å kunna driva deponiet i minimum 30 år etter at avfallet vert levert. 1999 er siste året SIM tek imot forbruksavfall frå BiR. Utanom avfallet frå Bergen gjekk drifta ved SIM med eit lite overskot.

I 1998 har SIM-nytt kome ut med fire ordinære utgåver og eit spesialnummer om avfall frå hyttefolk. Bladet vert sendt til alle SIM-abonnentane, og tilbakemeldingar viser at det blir vel motteke. Også i 1999 vil bladet bli SIM sin viktigaste kanal for å nå abonnentane med relevant informasjon. I tillegg tek me med glede imot skuleklassar og andre interesserte som ynskjer informasjon om SIM eller omvising i Svartasmøget.

Året 1998 har vore innhaldsrikt og utviklande, og SIM sender ein stor takk til eigarkommunar, abonnentar, transportørar, verksemder og ikkje minst dei tilsette for det gode samarbeidet me har hatt i det året som no er tilbaketil.



Med helsing



Terje Gilje
dagleg leiar

2 SIM fram til i dag

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk ANS (SIM) vart skipa i 1990 med Bømlo, Fitjar, Stord og Tysnes som medlemmer, med føremål å organisera avfalls-handteringa i desse kommunane. Frå og med 1993 vart også Kvinnherad, Sveio og Austevoll med i SIM, og i mars dette året opna det nye avfallsanlegget i Svartasmøget i Fitjar.


Heilt frå byrjinga la SIM stor vekt på å vera blant dei fremste til å驱 miljøvennlig avfallshandsaming og å ta vare på ressursane.

Hovudanlegget i Svartasmøget er i dag eit moderne avfallsanlegg som er bygd ut med mottak for mange typar sortert avfall frå hushald og næringsliv, spesialavfall, kvitevarer og septikslam. Her er også fylling for restavfall, komposteringsplass for matavfall og slam, lager- og administrasjonsbygningar. Miljøvernstyresmaktene stiller strenge krav til driftsrutinar og miljøovervaking ved anlegget.

SIM har saman med kommunane bygd opp eit nett av miljøsentralar i kvar kommune som ikkje er vegfast med hovudanlegget, og desse skal kunna tilby stort sett dei same tenestene som hovudanlegget i Svartasmøget.

I løpet av 1998 blei kjeldesortering innført i dei siste SIM-kommunane. I dag er det drygt 21 prosent av husstandane i SIM som heimekomposterer. Ei undersøking utført av Opinion for SIM hausten 1998, syntet at abonnentane er vel nøgde med tredunkordninga.

I 1997 skipa SIM det heileigde datterselskapet SIM Nærings AS. Selskapet skal ta seg av avfallet frå industri og næringsliv og andre oppgåver som er utsette for konkurransen.



3 Føremålet med selskapet

I paragraf 2 i vedtekten heiter det at føremålet med selskapet er:

1. *Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærmere avtale med kommunane.*

2. *Byggjing og drift av behandlingsanlegg for avfall.*

3. *Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.*

4. *Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallsbehandlinga.*

Selskapet skal vidare i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.

Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallsbehandlingsmetodar.


5. *Selskapet skal der dette er naturleg søkja å etablira samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar t.d. når det gjeld gjenvinning.*

4 Organisering

Det er kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes som eig SIM. Representantskapet er det øvste organet i selskapet. Kommunane vel medlemmer til representantskapet, og representantskapet vel styret.

Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta. SIM hadde ved utgongen av 1998 18 tilsette.

SIM Næring AS er eit datterselskap til SIM, og har eige styre og generalforsamling.



4.1 Representantskap

Folketaket avgjer kor mange medlemer kvar kommune har i representantskapet. Kommunestyra i medlemskommunane vel medlemer og personlege varamedlemer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemmene er fordelt slik: Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2.

Representantskapet har hatt eit møte i 1998 (april), og handsama 11 saker.

4 Organisering

4.2 Styre

Det er ein styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Dei vert valde for to år om gongen, likevel slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det ein representant frå dei tilsette. Inntil selskapsvedtekten vert endra har han berre forslags- og talerett. Det er representantskapet som vel styremedlemmene etter at kandidatar er peika ut av medlemskommunane.


Kommune	Styremedlem	Varamedlem
Austevoll	Olav P. Årland	Bjørn Wefring
Bømlø	Martin Laurhammer (styreleiar)	Johannes Koløen
Fitjar	Harald Rydland	Anne Line Innvær Olsen
Kvinnherad	Ove Lemicka (nestleiar)	Arve Opsanger
Stord	Else Berit Helle	Harald Kvinge
Sveio	Jens Aksdal	Olav Haugen
Tysnes	Asle Bernt Rekve	Arne Johan Johnsen
SIM	Nils-Inge Rimbereid	Tove V. Nygård

Desse sat i styret frå representantskapsmøtet i april 1998. Styret hadde 10 møte i 1998 og handsama 57 saker. Godtgjersle til styret var på tilsaman kroner 95 787. Løn til dagleg leiar var på kroner 340 505. Kostnaden ved revisjon var i 1998 kroner 30 000.



Styret i SIM 1998:
Frå venstre: Ove Lemicka,
Martin Laurhammer,
Else Berit Helle, Olav P. Årland,
Jens Aksdal, Harald Rydland,
Asle Bernt Rekve,
Nils-Inge Rimbereid.

4.3 Tilsette



5 Rekneskapen for 1998

Det har vore eit godt økonomisk år for SIM i 1998.


Dei samla inntektene i 1998 var 89 millionar kroner; dette er ein auke på 20,5 prosent frå siste året (73,8 mill.). Kostnadene var til saman 49,3 millionar; det er ein auke på 5,1 prosent frå 1997 (46,2 mill.). Årsoverskotet vart 42 millionar mot 27,7 i 1997, ein auke på 51 prosent.

Overskotet skal dekka kostnadane ved avslutting og etterdrift av deponi dei neste 30 åra.

Selskapet har det siste året hatt eit lite overskot på den kommunale renovasjonen. Grunnen til dette er auken i avfallsmengda. Dersom ein ser denne drifta over dei siste åra, er det likevel underskot.


5.1 Kor kjem inntektene frå?

Fordeling av inntekter for 1998 (alle summar i 1000 kr)



5.2 Kva går kostnadene til?

Fordeling av kostnader for SIM 1998 (alle summar i 1000 kr)



5 Rekneskapen for 1998

5.3 Balanse per 31.12.1998

Eignelutar	Note nr.	1998	1997
Omlaupsmiddel			
Kontantar, bank		46 417 320	26 823 155
Kundefordringar	2	8 591 066	5 910 615
Andre kortsiktige fordringar	2	2 600	12 933
Sum omlaupsmidlar		55 010 986	32 746 703
Anleggsmidlar			
Aksjer i datterselskap	10	200 000	200 000
Aksjer andre	10	33 000	26 500
Tomtar		3 397 133	3 384 413
Forskottering veg Fitjar	9	6 600 000	3 000 000
Anleggsmidlar	3	34 365 615	35 897 595
Sum anleggsmidlar		44 595 748	42 508 508
SUM EIGNELUTAR		99 606 734	75 255 211

Gjeld og eigenkapital

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld		5 693 189	3 442 871
Skattetrekk, arb.gj.avg. mva, o.l.		1 469 546	1 853 190
Anna kortsiktig gjeld	4	39 584	1 543 737
Sum kortsiktig gjeld		7 202 319	6 839 798

Langsiktig gjeld

Lån Norges Kommunal Bank	5		14 988 340
Sum langсiktig gjeld			14 988 340

Eigenkapital

Anna eigenkapital	7	92 231 385	50 254 043
Interessekapital	8	173 030	173 030
Sum eigenkapital		92 404 415	50 427 073
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		99 606 734	72 255 211



 Terje Gilje




 Else Berit Helle



 Jens Aksdal



 Ove Lemicka




 Olav P. Årland



 Asle Bernt Rekve



 Harald Rydland



 Martin Laurhammar

5 Rekneskapen for 1998

5.4 Resultatrekneskap

<i>Driftsinntekter og driftskostnader</i>	<i>Noter</i>	1998	1997
Driftsinntekter		-88 980 849	-73 793 349
Forbruk av tenester(transport)		15 373 011	15 287 360
Løn og sosiale kostnader		5 642 799	5 260 601
Andre driftskostnader		15 605 418	15 417 600
Ordinære avskrivinger	3	12 005 211	10 230 895
Tap sal driftsmiddel		97 356	
Tap på fordringar	2	83 262	28 316
Sum driftskostnader		48 807 057	46 224 772
DRIFTSRESULTAT		-40 173 792	-27 568 577
<i>Finansinntekter og finanskostnader</i>			
Renteinntekter		-2 314 348	-930 697
Renteutgifter		432 149	746 655
Andre finanskostnader		78 649	11 784
Netto finanspostar		-1 803 550	-172 258
RESULTAT FØR EKSTRAORDINÆRE POSTAR		-41 977 342	-27 740 835
ÅRSOVERSKOT		-41 977 342	-27 740 835
Overføring til anna eigenkapital		-41 977 342	



5 Rekneskapen for 1998

5.5 Kontantstraumoppstilling 1998

Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter

	1998	1997
Resultat før skattekostnad	41 977 342	27 740 835
Periodens betalte skatt	0	
Ordinære avskrivninger	12 005 211	10 230 895
Periodisert forskuddsbetalt leasing	97 356	
Tap ved salg av anleggsmidler	97 356	
Endring i varelager	0	
Endring i kundefordringer og leverandørgjeld	-496 160	-3 671 176
Endringer i andre tidsavgrensninger	-512 117	726 776
Netto kontantstrøm fra o. aktiviteter	53 071 631	35 027 330

Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter

Innbetaling ved salg av varige driftsmidler	200 000	
Utbetalinger ved kjøp av driftsmidler	-13 770 587	-17 258 243
Endring i andre investeringer	-3 619 220	-6 610 913
Netto kontantstrøm fra i. aktiviteter	-17 189 807	-23 869 156

Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter

Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	0	
Innbetalinger ved opptak av ny kortsiktig gjeld		
Utbetalinger ved nedbet. av langsiktig gjeld	-16 287 660	-1 224 320
Utbetalinger ved nedbet. av kortsiktig gjeld		
Netto endring i kassekreditt	0	
Utbetalinger av utbytte	0	
Netto kontantstrøm fra f.aktiviteter	-16 287 660	-1 224 320
Netto endring i kontanter og bank	19 594 164	9 933 854

Beholdning av kontanter, bank ol. ved periodens begynnelse (01.01.)	26 823 155	16 889 301
Beholdning av kontanter bank ol. ved periodens slutt (31.12.)	46 417 319	26 823 155

Tilleggsopplysninger
Kontanter og bank består av kasse og skattetrekkskonto. Skattetrekkskontoen utgjør kr 227.517,-

5 Rekneskapen for 1998

5.6 Konsernbalanse pr. 31.12.98

Eigneluter	Noter	1998	1997
Omlaupsmiddel			
Kontantar, bank	7	47 587 187	27 901 095
095Kundefordringar		8 700 146	6 198 379
Varelager/ stålskrot		-	8 000
Andre kortsiktige fordringar	2	11 944	24 841
Sum omlaupsmidlar		56 299 277	34 132 315
Anleggsmiddlar			
Aksjer i andre selskap	13,1	33 000	26 500
Tomtar	3	3 397 133	3 384 413
Forskottering veg Fitjar	12	6 600 000	3 000 000
Anleggsmiddlar	3,1	38 332 615	34 479 426
Sum anleggsmiddlar		48 362 748	40 890 339
SUM EGNELUTAR		104 662 025	75 022 654
Gjeld og eigenkapital			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		5 904 301	3 972 450
Skattetrek, arb.gj.avg. mva, etc.		1 891 649	2 053 410
Betalbar skatt		-	66 607
Anna kortsiktig gjeld	4	83 684	1 864 622
Sum kortsiktig gjeld		7 879 634	7 957 089
Langsiktig gjeld			
Lån Norges kommunal Bank	5		14 988 340
Lån Gjensidige Bank	5	1 169 780	1 162 172
Lån Sparebank1 Vest	5	2 681 807	
Utsatt skatt	14	132 170	91 414
Sum langсiktig gjeld		3 983 757	16 241 926
Eigenkapital			
Interessekapital	10	173 030	173 030
Anna eigenkapital	7,9	92 625 604	50 650 609
Sum eigenkapital		92 798 634	50 823 639
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		104 662 025	75 022 654

5 Rekneskapen for 1998

5.7 Konsernresultatrekneskap

Driftsinntekter og driftskostnader

	Noter	Resultat 1998	Resultat 1997
Driftsinntekter		-94 883 078	-77 977 279
Forbruk av tenester(transport)		17 402 055	17 128 429
Løn og sosiale kostnader		8 351 698	6 044 931
Andre driftskostnader		16 175 877	16 350 617
Ordinære avskrivningar	3	12 375 535	10 283 396
Tap sal driftsmiddel		97 356	-
Tap på fordringar	2	152 187	39 645
Sum driftskostnader		54 554 708	49 847 018
DRIFTSRESULTAT		-40 328 370	-28 130 261

Finansinntekter og finanskostnader

Renteinntekter		-2 343 333	-936 335
Renteutgifter		558 815	755 355
Andre finanskostnader		85 137	15 820
Netto finansposter		-1 699 381	-165 160
Resultat før skatt		-42 027 751	-28 295 421

Skattekostnader

Skatter	14	40 756	158 020
Årsoverskot		-41 986 995	-28 137 401

Overføringer:

overført til anna eigenkapital	-41 986 995
Sum overføringer	-41 986 995



5 Rekneskapen for 1998

5.8 Notar til rekneskapen

Note 1 Rekneskaps-prinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med Rekneskapslova og lov om ansvarlege selskap og kommandittselskap, og tilrådingar til god rekneskapskikk.

Krav er klassifisert som omlaupsmiddel.

Egnelutene elles er klassifisert som anleggsmiddel, og anna gjeld er klassifisert som langsiktig.

Kundekrav

Kundekrav er ført opp i balansen som pålydande.

Aksjar i andre selskap

Aksjane er ført opp med historisk skaffekostnad.

Varige anleggsmiddel og avskrivningar

Anleggsmidla er ført opp med historisk skaffekostnad og tilgang i år, med fråtrekk av avskrivningar frå tidlegare år.

Det er brukt degressiv avskriving og saldoometoden, jfr. note 3.

Den årlege avskrivingssummen vert rekna ut på grunnlag av ein fast avskrivingsprosent. Saldoverdien er avskrivingsgrunnlaget.

Pensjonsskyldnad

Pensjonsansvaret til selskapet i høve til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga er dekka gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gir ein avgrensa ytting i samsvar med tariffavtalen i kommunal sektor, og stettar dei kriteriene for det som vert kalla tilskuddsplan. I samsvar med internasjonal praksis for slike planer er den årlege pensjonskostnaden som er ført i rekneskapet i 1997 lik den opprente pensjonspremie.

I tillegg til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga kjem ytting av pensjon som er avtalt for dei mellom 63 og 64 år, frå 01.03.98 gjeld dette også for dei som er fylt 62 år. Desse ytelsane meiner partane i kommunal sektor er midlertidige, og ein trur dei vert endra i åra framover. Difor er dei ikkje inne i tenestepensjonsordninga, det er arbeidsgjever som betalar dette tilskofet i prosent av pensjonsgrunnlaget. Utgiftene til desse ytelsene framover er svært usikre. For 1998 er utgiftene antatt å vera 0,35 % av pensjonsgrunnlaget.

Ordninga omfattar fast tilsette, engasjement og vikarstillingar og premien fordeler seg med 2 % på arbeidstakar og 7 % på arbeidsgjever. I 1998 omfattar pensjonsordninga 16 personar.

Konsern

Konsernrekneskapet femnar morselskap og datterselskap der Sunnhordland Interkommunale Miljøverk ANS eig 100% av aksjane. Aksjane er haldne utanfor med bokført skattekostnad i morselskapet og mot eigenkapital i datterselskap. Investeringane i datterselskapet blir vist fullt ut i konsernrekneskapet. Dette viser konsernet sitt resultat og balanse som eit selskap. Interne transaksjonar og mellomverande i selskapet er skilde ut.

Note 4 Kortsiktig gjeld

	SIM	KONSERN
Oppsamla ikkje betalte kostnader	kr 39 584	83 684
Sum oppsamla ikkje betalte kostnader	kr 39 584	83 684

Note 5 Pant

SIM har i løpet av 1998 innløyst alle sine lån i Norges Kommunale Bank.

	SIM	KONSERN
Pantelán	kr	3 851 587
Bokførte eignelutar stilt som tryggleik for pantelán	kr	3 967 000

Note 6 Lånetilsegn

SIM har kommunale garantiar på kr. 10 mill per 31.12.97, som det ikkje er teke opp lán for.

Note 12 Forskottering av veg

Etter avtale med Fitjar kommune, skal SIM forskottera inntil 16,8 mill.kroner til veg. Dette vert utbetaalt ved utbygging av vegen. Rest vert ståande som kontantar i bank.

År	1996		1997	1998	1999
	Plannlagd framdriftsplan	Utbetalt			
	kr	kr	3 000 000	10 600 000	3 200 000
			3 000 000	3 600 000	
			3 000 000	6 600 000	

5 Rekneskapen for 1998

Note 3 Anleggsmiddel (Alle beløp i kroner)

	Bilar 25%	Maskinar 1)	Konteinarar 20%	Bilvekter 20%
Skaffekostnad 1.1	593 338	8 637 035	4 038 602	531 876
Tilgang	220 263	3 985 242	893 857	108 249
Avgang		-297 356		
Skaffekostnad 31.12	813 601	12 324 921	4 932 459	640 125
Akk. avskr. 31.12	378 793	7 270 246	2 134 626	367 224
Bokført verdi 31.12	434 808	5 054 676	2 797 833	272 901
Årets avskriving	144 936	2 553 645	699 458	68 225

	Inventar 10%	Kontormask. 30%	Fyllplass 2) 3) 10%	Afv. dunkar 20%
Skaffekostnad 1.1	608 451	546 671	16 511 266	8 783 254
Tilgang	28 676	436 502	2 097 931	1 274 541
Avgang				
Skaffekostnad 31.12	637 127	983 173	18 609 197	10 057 795
Akk. avskr. 31.12	257 203	496 673	10 578 185	4 484 472
Bokført verdi 31.12	379 933	486 500	8 031 013	5 573 323
Årets avskriving	94 983	208 500	4 780 366	1 393 331

	Bygg 5%	Miljøsentral Austevoll 10%	Miljøsentral Børmlø 10%	Miljøsentral Kvinnh. 4) 10%
Skaffekostnad 1.1	3 912 040	20 422	861 634	2 443 571
Tilgang	350 357	96 333	1 443 844	483 656
Avgang				
Skaffekostnad 31.12	4 262 397	116 755	2 305 478	2 927 227
Akk. avskr.	882 139	13 513	308 095	2 585 221
Bokført verdi 31.12	3 380 258	103 242	1 997 383	342 007
Årets avskriving	177 908	11 471	221 932	1 074 494

	Miljøsentral Sveio 10%	Miljøsentral Tysnes 10%	Veg industr.omr. 5%	Vekt Eldøy 20%
Skaffekostnad 1.1				253 590
Tilgang	2 060 996	20 140	270 000	
Avgang				
Skaffekostnad 31.12	2 060 996	20 140	270 000	253 590
Akk. avskr.	206 100	2 014	13 500	91 292
Bokført verdi 31.12	1 854 896	18 126	256 500	162 298
Årets avskriving	206 100	2 014	13 500	40 574

	Invest. Eldøy 6,67%	Inventar Eldøy 20%	Maskinar Eldøy 12,5%	Totaler SIM
Skaffekostnad 1.1	2 422 989	57 786	1 394 638	51 617 163
Tilgang				13 770 587
Avgang				-297 356
Skaffekostnad 31.12	2 422 989	57 786	1 394 638	65 090 394
Akk. avskr.	312 447	16 180	326 868	30 724 789
Bokført verdi 31.12	2 110 542	41 606	1 067 770	34 365 615
Årets avskriving	150 834	10 401	152 539	12 005 211

	Vogntog 1 (8år)	Vogntog 2 (5 år)	Komprimatorbil (5 år)	Konteinar (5 år)
Skaffekostnad 1.1	1 482 711			32 100
Tilgang		1 524 173	1 231 320	
Avgang				
Skaffekostnad 31.12	1 482 711	1 524 173	1 231 320	32 100
Akk. avskr.	231 674	70 502	82 088	6 955
Bokført verdi 31.12	1 251 037	1 453 671	1 149 232	25 145
Årets avskriving	185 339	70 502	82 088	6 420

	Inventar/verktøy (4år)	Anlegg Eldøy (5 år)	Totalt konsern (5 år)
Skaffekostnad 1.1	41 411	78 110	53 251 495
Tilgang			16 526 080
Avgang			-297 356
Skaffekostnad 31.12	41 411	78 110	69 480 219
Akk. avskr.	12 078	19 528	31 147 614
Bokført verdi 31.12	29 332	58 583	38 332 615
Årets avskriving	10 353	15 622	12 375 535

5 Rekneskapen for 1998

- 1) Det vart investert for kr. 3.985.242,- på maskinar i 1998.
 Selskapet har og selt kompaktor med tap på kr. 97356,-. SIM har 2 kompaktorar som vert avskrivne etter fast plan iløpet av 3 år. Av totale avskrivingar på maskinar utgjer dette kr. 998.875,-. Resten av maskinparken vert avskrive med 20%.
- 2) På grunn av vesentleg større avfallsmengder har ein auka avskrivinga på fyllplassen frå 10% til 20 %. Dette utgjer kr. 1.941.577,-
- 3) Fuglenett investert i 1996 vert avskrive med 100% på 3 år, fuglenett 1997 vert avskrive med 100 % på 2 år. Gassanlegg vert avskrive med 75% på 3 år (restverdi vert avskrive over 15 år). Sigevasssystem vert avskrive med likt beløp over 3 år. Vaskeplass vert avskrive med 100% over 2 år og 10 månader.
- 3) I tillegg har ein valgt spesiell avskriving på investeringar i 1996 og 1997, pga store avfallsmengder.

Tekst	Verdi 31.12.96	Tilgong 1997	Avskriving 1996	Avskriving 1997	Avskriving 1998	Bokført verdi 31.12.98
Fuglenett 96	2 162 096		720 699	720 699	720 699	
Fuglenett 97		1 950 000		688 235	1 261 765	
Gassanlegg	1 296 774	166 305	432 258	515 411	515 411	
Sigevassanlegg	69 800		23 266	23 268	23 268	
Vaskeplass		900 000		317 647	317 647	264 106
Totalt	3 960 929	3 071 714	1 176 233	2 265 258	2 838 790	264 106

- 4) Miljøsentral Kvinnherad står ovanfor stor utbygging og reinvesteringar, og i samband med dette vert anlegget ekstraavskrive med kr. 932.844,-

Investeringstabla

Oversyn over investeringar dei siste fem åra. Kolonna for sal er vist der dette er aktuelt.

	SIM 1994 Investering	SIM 1995 Investering	SIM 1996 Investering	SIM 1997 Investering	sal	SIM 1998 Investering
Bilar			289 369	245 969		220 263
Bilvekter	230 853					108 249
Maskinar	1 727 850	223 084	3 787 361	1 337 500	297 356	3 985 242
Konteinarar	15 729	372 654	1 984 478	972 276		893 857
Avfallsbehaldarar			4 312 633	4 470 621		1 274 541
Inventar	68 754		302 167	75 865		28 676
Kontormaskinar	102 806	20 469	223 260	72 580		436 502
Fyllplass	249 588	570 949	4 180 632	3 568 638		2 097 931
Veg industriomr						270 000
Miljøsentralar	245 488	47 339	106 186	1 691 906		4 104 969
Eldøy				4 129 003		
Bygg	314 011	149 385	153 224	693 885		350 357
TOTALT	2 955 079	1 383 880	15 339 310	17 258 243	297 356	13 770 587

	Konsern 1997 Investering	Konsern1998 Investering
Bilar	245 969	220 263
Bilvekter	-	108 249
Maskinar	1 337 500	3 985 242
Vogntog	1 482 711	1 524 173
Komprimatorbil		1 231 320
Konteinarar	1 004 376	893 857
Avfallsbehaldarar	4 470 621	1 274 541
Inventar	117 276	28 676
Kontormaskinar	72 580	436 502
Fyllplass	3 568 638	2 097 931
Veg industriomr		270 000
Miljøsentralar	1 691 906	4 104 969
Eldøy	4 207 113	
Bygg	693 885	350 357
TOTALT	18 892 575	16 526 080



5 Rekneskapen for 1998

5.9 Melding frå revisor

KOMMUNEREVISJONEN FOR SUNNHORDLAND

Postboks 65, 5401 STORD, tlf. 53 49 66 00. Kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord

Representantskapet i
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk ANS

5419 FITJAR


REVISJONSMELDING FOR 1998

Vi har revidert årsoppgjøret for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk ANS for 1998 som viser eit årsoverskot på kr 41.977.342 for morselskapet og eit årsoverskot på kr 41.986.995 for konsernet. Årsoppgjøret, som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap, balanse, kontantstremoppstilling, notar og konsernoppgjør, er frumlagt av styret i selskapet.

Vår oppgåve er å granske selskapet sitt årsoppgjør, rekneskap og handsaminga av andre saker i selskapet.

Vi har utført revisjonen etter gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane som me har funne nadsynte for å stadfeste at årsoppgjøret ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. Vi har kontrollert utvalde delar av materialet som ligg til grunn for rekneskapspostane og vurdert dei rekneskapsprinsippa som følger av god revisjonsskikk, har me fått gjennom formuesforvaltninga og den interne kontrollen i selskapet.

Etter vår mening er årsoppgjøret gjort opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og gir ein forsvarleg uttrykk for selskapet og konsernet si økonomiske stilling pr. 31.12.1998 og for resultatet av verksemda i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk.

Stord, 18. mars 1999


Lennart Sortland
konst.distriktsrevisor

6 Avfallsmengder 1998

SIM tek mot avfall av mange typar og frå ulike kjelder.

Hushaldsavfall er avfall frå private hushald, i hovudsak det som bosbilen hentar inn på dei faste rutene, i tillegg til det avfallet som abonnentane leverer til miljøsentralane.

Næringsavfall er avfall frå alle typar nærings- og produksjonsverksemder.

Spesialavfall er avfall som er så skadeleg for helse eller miljø at ein ikkje kan


handsama det saman med anna avfall. Det gjeld til dømes spilloleje, gamle bilbatteri, målingrestar og løysemiddel.

I figuren nedanfor er det teke med både avfall som er innom SIM sine anlegg og det som vert samla inn og attvunne gjennom andre ordningar i SIM-kommunane (papir og papp, glas, tekstilvarer, bilvrak). Sjå òg kap. 7 om attvinning.

6.1 Samla avfallsmengder (i tonn)



«Anna avfall» er bildekk (34 tonn), bilvrak (791 tonn), kvitevarer/kulde-møbel (295 tonn), tekstil (70 tonn) og privatavfall frå sorteringsrampe (74 tonn).

Næringsavfall er her berre rekna som restavfall. 715 tonn våtorganisk avfall og 2100 tonn restavfall frå miljøsentralen i Kvinnherad er rekna under hushaldsavfall frå SIM-kommunane, og ikkje under avfall frå miljøsentralane.



6.2 Hushaldsavfall i SIM

Figuren syner korleis hushaldsavfallet fordeler seg mellom dei sju SIM-kommunane i 1998, (tala er i tonn). Når ein reknar med spesialavfallet og det som går til attvinning, leverte kvar innbyggjar i SIM-kommunane i snitt om lag 320 kg avfall i 1998. Dette er ein auke på knapt 9 prosent frå 1997.



Figuren viser auken i den totale mengda avfall kvar innbyggjar i SIM-kommunane har levert til og med 1998.

7 Attvining 1998

7.1 Avfall til attvining

Tanken bak å attvinna avfall er at det skal koma til nytte i staden for å verta liggjande i ei fylling. Me skil mellom tre former for attvining:


Ombruk - når noko vert brukt om att som det er, til dømes gamle syklar, møblar og sportsutstyr.

Material-attvining - når ein brukar

avfallet som råstoff for nye varer av liknande type, til dømes konvoluttar av gamle mjølkekartongar.

Energi-utnytting - når avfallet vert brukt som energikjelde, til dømes når ein brukar treavfall til oppvarming.

Halvparten av avfallet frå hushaldninga har vorte attvunne i 1998, og dette er særskilt gledelege tal for SIM.




SIM samlar inn våtorganisk avfall, papir og drikkekartongar, i tillegg til restavfall hjå kvar abonnent. Miljøsentralane tek imot trevirke, hageavfall, stål, plast, olje, spesialavfall, kviteravar og papp. Rundt i kommunane er det konteinarar for glas, metallemballasje og tekstilvarer. Næringsavfall til attvining er ikkje teke med.

7.2 Næringsavfall frå SIM-kommunane

Figuren viser eit estimat over fordelinga av avfallet frå verksemder i SIM-regionen i 1998. Samanlikna med året før viser oversikta at mengda sortert avfall aukar. Dette syner at meir avfall går gjennom sorteringsanlegga, noko som er ei særskilt gledeleg utvikling.

Bygd på tal frå avfall vege ved SIM sine anlegg og undersøkingar gjort av SIM i ulike verksemder, er det estimert ei total mengd næringsavfall på om lag 40.000 tonn i SIM-kommunane. 53% av dette vert attvunne.




7 Attvinning 1998

7.3 Meir sortering i ára framover

Mengdene sortert avfall har auka kraftig i 1998 ettersom alle 7 kommunane no har utvida kjeldesortering. Figurane syner

framtidige mål og utviklinga til no for den samla avfallsmengda og for det våtorganiske avfallet.



Figuren gjeld alt våtorganisk avfall i SIM-kommunane. Mengda heimekompostert matavfall er rekna ut frå talet på husstandar med komposttavle. Mengda våtorganisk avfall per person i året er vanskeleg å talfesta. I årsmeldinga er det rekna 75 kg per innbyggjar i SIM-kommunane. Ved å rekna 90 kg, fell attvinningsprosenten til omlag 80.


7.4 Mange vil heimekompostera

Etter den nye avfallsordninga skal alle sortera ut matavfallet. Ein kan anten levera det i ein trilledunk til bosbilen, som kører det til kompostanlegget i Svartasmøget, eller ein kan kompostera det heime, på visse vilkår. SIM har difor laga til kurs i heimekompostering i medlemskommunane, og oppslutninga har vore svært god sidan den nye avfallsordninga vart innført i 1997.


Det blei i 1998 halde 12 kompostkurs i SIM sin regi.

Figuren viser kor mange som har skrive avtale med kommunen om heimekompostering. Det er høve for grannar til å dela kompostbingar, og desse er også rekna med i talet på kompostørar. Dei som komposterer og brukar trilledunk for bio-avfall i tillegg er ikkje rekna med. Ved utgongen av 1998 var det 21% av hushaldningane som heimekomposterte i SIM.

Det er høve for grannar å dela dunkar, og for dei som har mykje rest-avfall kan ein töma dunkken anna kvar veke. Figuren viser kor mange som nyttar seg av desse tilpassingane i kvar kommune.



8 Avfallsgebyr



Gebyr for 1998 og 1999. Satsane er utrekna for ein gjennomsnittsabonnent. Tala er utan mva. Gebyret for Austevoll er ikkje endeleg handsama av kommunestyret.

Etter krav i lov om avfall og ureining skal gebyra frå og med 1995 dekkja alle kostnadene med avfallshandteringa i kommunen, både avgiftene til SIM og eigen kommunal administrasjon.

I 1998 betalte medlemskommunane 1183 kroner til SIM for kvart levert tonn med avfall, i tillegg til 306 kroner per abonnent som eit attvinningsgebyr. Dette er rekna som betaling for å ha tilgang på ulike attvinningsordningar. For å dekkja innsamling av kvitevarer vart det krevd inn eit gebyr på 50 kroner.

For 1999 innførte staten ei ny avgift

på slutthandsaminga av avfall. Denne avgifta fører til at prisen per tonn til depo-ni aukar til 1428 kroner for 1999. Av denne auken utgjer 210 kroner andelen av slutt-handsamingavgifta, medan tre prosent er ei generell prisauke. Ved å få abonnentane til å auka sorteringsgraden vil denne avgifta bli lågast mogleg.

Attvinningsgebyret er sett til 315 kroner, noko som er ein auke på 3 prosent frå 1998. I tillegg er det eit gebyr på 52 kroner per abonnent for å dekkja innsamlinga av kvitevarer. Frå 1.7. 1999 kjem også ein kostnad med mottak av EE-avfall (elektrisk og elektronisk utstyr).

Kor stor denne kostnaden vert, er per i dag ikkje endeleg avklara.

Gebrysystemet

SIM-kommunane ynskjer aktivt å bruka renovasjonsavgiftene som eit verkemiddel for å få ned avfallsmengde-ne og få innbyggjarane til å opptre meir miljø-

venleg. Det vart innført eit nytt gebrysystemet

GEBYR SOM ER LIK I KOMMUNANE				
Behaldar	Volum	Tøming	Prisar eks. mva	Prisar inkl. mva.
B1	140 l.	2. veke	300	369
R 1 A	140 l.	4. veke	300	369
R 1 B	140 l.	2. veke	650	799,5
R 2 A	240 l.	4. veke	480	590,4
R 2 B	240 l.	2. veke	1080	1328,4
R 3 A	660 l.	4. veke	1250	1537,5
R 3 B	660 l.	2. veke	2900	3567
P 1	140 l.	4. veke	150	184,5
P 2	240 l.	4. veke	250	307,5
P 3	660 l.	4. veke	700	861

B= Bio
P = Papir
R = Restavfall

Alle prisar er utan mva.
Gebyra for Austevoll er ikkje endeleg handsama i kommunestyret.


	Austevoll	Bømlo	Fitjar	Kvinnherad	Stord	Sveio	Tysnes
Grungebyr	600	500	600	550	600	450	600
Fritidsbustad	700	750	550	750	600	700	900

samstundes med den nye avfallsordninga. Gebrysystemet byggjer på følgjande: Alle abonnentar må betala eit grungebyr. Dette er betaling for felleskostnader, kommunale eigenkostnader og ulike tilbod om attvinning. Siktemålet er at grungebyret berre skal variera etter kor stor den kommunale eigenkostnaden er.

I tillegg er det gebyr for kvar av dei ulike avfallstypane, som kan variera etter kor store avfallsdunkar abonnementen har og kor ofte dei vert tømde.

Avfallsplanen rår til at desse satsane skal vera like i alle SIM-kommunane. Det er lågast avgift for å levera lite avfall (små dunkar) og få det tømt sjeldan. Det er også høve til å spara avgift ved at fleire går saman om avfallsdunkar, og ved å heimekompostera bio-avfallet i staden for å levera det til innsamling og sentralkompostering. Dette avgiftssystemet er no innført i

alle kommunane i SIM-området. Framover vert det vurdert tilpassingar slik at ein større del av avgifta for abonentane kjem på den variable delen (gebyra for kvar avfalls-type) og mindre på den faste delen (grunngabyret). På den måten vil det vera større økonomisk motivasjon for å heimekompostera, dela dunkar og for å ha lite avfall i det heile.



9 Miljøovervaking

SIM har også ansvar for det ytre miljøet rundt anlegga sine. Fylkesmannen i Hordaland stiller krav til miljøovervaking på mange felt.

Sigevatn

Sigevatnet frå ei avfallsfylling inneholder næringssalt, tungmetall og andre ureinande stoff, alt etter kva slags avfall det er i fyllinga. Sigevatnet frå Svartasmøget går via ein målekum i lukka leidning til sjøen, slik at det ikkje påverkar vassdraget i dalen. SIM tek prøvar av sigevatnet tolv gonger i året. Det vert analysert for bakterieinnhold, pH-verdi, innhold av næringssalt og tungmetall, til saman 13 parametrar. Det er akkreditert laboratorium Alex Stewart i Odda som har analysert prøvane i 1998.

Bekken som renn gjennom dalen, er lagd i tett sveisa rør under fyllinga slik at han ikkje skal blanda seg med sigevatnet. Prøveresultata syner at bekkevatnet er like reint nedanfor fyllinga som ovanfor.

Påverknad på grunnvatnet

Grunnen under fyllinga i Svartasmøget har vore granska for å finna ut om sigevatn kunne ureina grunnvatnet. Miljøstyresegmentene godtok injisering i tre sprekksoner som tilstrekkeleg tetting, og dette arbeidet vart utført av SIM i 1998.

Påverknad på fjorden

Det finst enno ikkje standardkrav til utsleppa frå eit avfallsanlegg. Sigevatnet frå Svartasmøget går ut i Stokksundet, ein fjord som er open for gjennomstrøyming i

begge endar. SIM har samarbeidd med NIVA (norsk institutt for vassforsking) om å vurdera miljøpåverknaden og finna det beste utsleppspunktet. Sigevatnet har så langt gått ut i fjorden på om lag 40 meters djup, men ein ny leidning vil frå april 1999 føra sigevatnet ut på 70 meters djup.

Institutt for fiskeri- og marinbiologi ved Universitetet i Bergen gjennomførte i 1996 ei undersøking av resipient-tilhøva i Stokksundet. Rapporten synte at Stokksundet har god evne til å ta imot organisk materiale, innehold lite miljøgifter og har ein botnfauna som viser at miljøforholda er tilfredsstillande.

SIM har sett av plass til eit reinseanlegg for sigevatn frå fyllinga og er innstilt på å bygga reinseanlegg dersom prøvane av resipient og sigevatn tilseier at dette trengst. SIM har så langt ikkje grunn til å tru at utsleppet gjer skade på miljøet i resipienten.

Gass

Når bakteriar bryt ned organisk materiale utan tilgang på luft, oppstår det mellom anna metangass. Denne gassen er rekna å forsterka drivhuseffekten 20 - 30 gonger meir enn CO₂. Driftsløyvet stiller krav om at gassen frå Svartasmøget skal samlast opp, målast og brennast av. Metangassen vert då omdanna til CO₂. Det har vore lagt ned røyr for å ta ut gass heilt sidan fylllassen var ny i 1993, og eit anlegg for å pumpa ut og brenna gassen kom i drift hausten 1996. Per februar 1999 tek ein ut om lag 230 m³ deponigass i timen; det tilsvarer om lag 1150 kwt. SIM greier også ut om det er økonomisk grunnlag for å nytta gassen.

Rydding

SIM har etter driftsløyvet ansvar for å halda det reint og ryddig rundt fylllassen og har jamleg folk ute for å plukka flygeavfall og anna i nærområdet.

Måsenett

For å halda måsar unna fyllinga er SIM pålagt å strekkja fuglenett over dalen. Det første nettet vart sett opp i 1993, og eit nytt og større kom på plass fyrste halvår 1996. Nettet blei utvida nokon innover dalen i 1997. Det er ikkje gjort større endringar i 1998.

Skadedyr

SIM har eit effektivt program for å halda rotter og andre skadedyr vekke frå fyllplassen. Eit spesialfirma legg jamleg ut rottegift i området. Dessutan vert avfallet i fyllinga pakka kraftig saman, slik at rotene har vanskelegare for å finna føde og reirplass.

Fylllassen

Fylllassen skal drivast slik at det berre er eit lite område som er ope i gongen (celle). Dette vert midlertidig dekka kvar veke, etter krav i driftsløyvet. I tillegg vil det bli kalka ein gong i veka. Dette gjev mindre lukt og flygeavfall og gjer at fuglar ikkje kjem så lett til avfallet. Kvar celle vert dekt med grus etter endt driftstid. Det fører til at regnvatn i større grad renn av på overflata slik at mindre ureining vert vaska ut av fyllinga til sigevatnet.

SIM har utstrakt dialog med naboane for å følgja opp lukt i nærområdet. I 1999 vil SIM iverksetja ei nærmiljøundersøking for å kartleggja eventuelle plagar med lukt.

Arbeidsmiljø

Undersøkingar viser at arbeidsmiljøet i selskapet vert handsama på ein god måte. Ein spesiell merksam vert retta mot arbeid som vert utført i samband med kompostering og deponi.

10 SIM Næring AS



SIM oppretta i 1997 det heileigde datterselskapet SIM Næring AS. Selskapet skal ta seg av avfall frå industri og næringsliv og andre oppgåver som er utsette for konkurransen. Selskapet sine aktivitetar er transport, sortering og konsulenttenester for næringslivet.

Makuleringsteneste, innsamling av papp og papir, eigen innsamlingsrute for kundar med mykje matavfall og sortering av avfall, er nokre av dei oppgåvane SIM Næring AS tilbyr næringslivet i regionen. Selskapet hadde ved utgongen av 1998 ni tilsette

11 Oppgåver framover

Det er vedteke ei ny lov om interkommunale selskap, og dette gjer at SIM må tilpassa sine selskapsvedtekter til den nye lova. SIM har inntil fire år på seg til å gjera desse endringane. Retningslinene for mykje av det arbeidet SIM gjer, er styrt av avfallsplanen og driftsløyvet frå Fylkesmannen i Hordaland.

Avfallsplanen

Abonnentane har fått merka i heimane sine at tiltaka i den førre avfallsplanen ført til endringar. Arbeidet med å rullera planen er no godt i gang. I løpet av våren 1999 vil avfallsplanen for 2000-2003 bli send til handsaming i dei ulike kommunane. Det vil her vera nødvendig med nokre justeringar for å ta omsyn til dei erfaringar som er gjorde etter innføringa av tredunk-ordninga. Mellom anna har det sidan førre planperiode kome til fleire bransjeavtalar og nye forskrifter innan avfall.

Reduksjon i avfallsmengda

Frå hausten 1999 blir det stopp i levering av hushaldsavfall frå Bergen. SIM må dermed stabilisera driftsaktivitetane i selskapet etter at den store avfallsmengda frå BiR fell bort.

Kjeldesortering

Den nye avfallsordninga er no innført i alle dei sju kommunane. Innbyggjarane har tatt vel imot ordninga med tre dunkar, og SIM ynskjer i 1999 å leggja endå betre til rette for ei effektiv avfallshandtering. Informasjon om korleis kjeldesorteringa bør gå føre seg, er viktigaste verkemiddel for å nå dei høge måla SIM har for attvinning av avfall. Ein vil også arbeida vidare med å effektivisera transporten.

Det har vore stor interesse for heimekomposting til no, og det er ei viktig oppgåve for SIM å fylgja dette opp i åra som kjem. SIM vil m.a. arrangera kompostkurs i alle medlemskommunane kvart år. Spørjeundersøkinga viste at nær halvparten av dei spurde ville heimekompostera dersom dei fekk det avslaget dei no har fått i renovasjonbyret for 1999. Dette syner at SIM har ei viktig oppgåve å gjera for å påverka og motivera bio-abonnentar til å gå over til heimekomposting.

Undersøkinga viste også at for mykje spesialavfall ikkje vert levert inn til godkjent mottak. Om lag 13 % av dette farlege avfallet kjem på avvegar. Også her har SIM ei utfordring når det gjeld informasjon og opplæring.

SIM tilbydde i 1998 eit bringesystem for sortert mjukplast og metall ved miljøsentralane. Det vert framleis arbeidd med å finna løysingar for å levera hardplast til resirkulering.

Det er eit mål for selskapet å kunna tilby like gode tenester i alle medlemskommunane. SIM vil difor i tida framover rusta opp miljøsentralane slik at desse kan vera returpunkt for fleire typar sortert avfall og tilby i hovudsak dei same tenestene som hovudanlegget i Fitjar.

Ei arbeidsgruppe har i lengre tid arbeidd med å forbetre ordninga med hytteavfall. Det vil i tida framover bli utprøvd fleire variantar for å finna kva løysing som gir best avfallshandsaming av hytteavfallet. I prøveområda i Austevoll, Kvinnherad og Tysnes vil kvar hytteeigar anten få tilbod om ein dunk for restavfall, eller dei kan bringa avfallet til desentraliserte mottak for sortering i restavfall og papir.

SIM ynskjer også å vidareutvikla komposteringsprosessen slik at han blir betre for arbeidsmiljø og gir mindre nærulemper.

Utbygging i Svartasmøget

Sigevasssystemet har for liten kapasitet til å ta unna flaumtoppar og vil verta rusta opp i 1999.

Dei store avfallsmengdene dei siste åra frå kommunar utanfrå SIM-området har isolert sett korta ned levetida til fyllplassen. Når leveransane utanfrå fell bort, vil mengdene til fyllplass minka kraftig på grunn av høg utsortering. Dette gjer at selskapet må vurdera nye arbeidsoppgåver som grunnlag for drifta framover. I 1999 vil det også bli bygd ein hall over området som vert brukt til rankekompstering. Resultatet av dette blir mindre lukt og betre kompostering av våtorganisk avfall.

Næringslivsretta arbeid

Det har dei siste åra kome fleire nye branjsjeavtalar og forskrifter innan avfallshandtering. Ei av desse er lova om at alt EE-avfall (elektronisk og elektrisk utstyr) skal leverast anten til forhandlar eller til kommunale sorteringsanlegg. Kostnaden er det forbrukaren som får. Alle forhandlarar er pliktige til å ta imot slikt avfall, uavhengig av om du kjøper nytt og om dei sel akkurat det merket. For SIM blir det viktig å nå ut med informasjon om korleis ordninga verkar og kva forbrukaren eigentleg betalar for.

SIM ynskjer å gje næringslivet eit heilskapleg tilbod innan avfallshandtering og attvinning, og arbeida for at verksemndene stettar styresmaktene sine krav til sortering av avfall. Det er eit mål å prøva å skapa arbeidsplassar innan attvinning av ressurser og å styrkja noverande arbeidsplassar ved å leggja til rette for god avfallshandtering i næringslivet.

Informasjonsarbeid

Informasjon er og vil bli ein viktig del av selskapet sitt arbeid der både private husstandar og næringslivet er målgrupper. Selskapet vil halda fram med å gje jamleg informasjon med det føremål å spreia kunnskapar og skape haldningar om sikker og miljøvenleg avfallshandtering. SIM-nytt vert hovudkanalen for slik informasjon, men me vil også ta i bruk andre kanalar etter trong. Spørjeundersøkinga viste at ein stor del av abonnentane er interesserte i å kompostera dersom dei får avslag i renovasjonsgebyret. Å nå fram til desse med informasjon om at dette no er mogleg, vil vera ei av dei prioriterte oppgåvane.

SIM vil framleis ta imot skuleklassar og andre interesserte til omvising og foredrag i Svartasmøget.



Salamander



SIM

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk

Svartasmoget N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60
E-post: sim@sim.as
Foretaksnr.: NO 958 284 837 MVA